



Karstein Brattaule  
Haugvegen 13  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7632 - 14/27928

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
16.12.2014

## Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon gbnr 188/265

### FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM OPPFØRING AV GARASJE m/REISKAPSHUS /TRONG FOR TILLEGGSDOKUMENTASJON TIL SØKNADEN

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 25.11.14.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Delar av det omsøkte tiltaket ligg på eigedom gbnr. 188/262, vi kan ikkje handsama saka utan at tiltaket i heilskap ligg på dykkar eigedom.

De kan justere plasseringa av garasjen slik at den i heilskap ligg på dykkar grunn, evt. kan de i lag med eigar av gbnr. 188/262 søkje kommunen om grensejustering.

Eldste signatur på motteke nabovarsel er 24.11.13. Søknad vart levert kommunen 25.11.14. Eit nabovarsel har gyldighet i inntil 1 år. Dersom søknad sendast kommunen seinare enn 1 år etter utsending av navovarsel skal det sendast nytt varsel til naboar og gjenbuarar jf. byggesaksforskrifta § 5-2, 3. ledd.

På bakgrunn av medgått tid sidan tiltaket først vart nabovarsla og fram til søknad vart levert kommunen finn vi å måtte krevje ny nabovarsling av tiltaket for å sikre naboar si rett til å ivareta sine interesse, jf. plan- og bygningslova § 21-4, 2.ledd.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. De må justere tiltaket si plassering slik at det i heilskap er plassert på dykkar eigedom, de kan nytte vedlagd kartutsnitt ved behov. De kan eventuelt søkje kommunen om grensejustering og sikre at arealet som garasjen er søkt ført opp på tilhøyrrer dykk.
2. På grunn av medgått tid sidan varslet først vart sendt til naboar må tiltaket varslast på nytt, vidare krev ein eventuell justering av plassering nytt nabovarsel. De kan nytte vedlagd naboliste og skjema for nabovarsling samt kvittering for nabovarsel.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.01.15. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

#### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

#### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Tor Hegle  
einingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

kartutsnitt gbnr 188\_265

naboliste gbnr 188\_265

Nabovarslingskjema

Skjema for kvittering nabovarsel

#### **Mottakarar:**

Karstein Brattaule

Haugvegen 13 5914

ISDALSTØ